


Vår saksbehandlar:  
Njål Gunnar SlettebøDirekte telefonnr.:  
53 42 30 90Vår dato:  
02.04.2003  
Dykkar dato:Vår referanse:  
02/06252-11/69  
Dykkar referanse:Landbruksdepartementet  
Postboks 8007 Dep.  
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003/ 677	Doknr.: 24
Mottatt: 04 APR 2003	AMH/ MAT
Saksbeh.: KRO	Ark.: 66
Kopi:	Avskr.:

**HØYRINGSFRÅSEGN VEDK. HØYRINGSNOTATET OM FRAMTIDIG  
OMORGANISERING AV LABORATORIETENESTA PÅ MATOMRÅDET M.V.**

Bømlo Formannskap handsama i møte 1.4.03 høyringsnotatet om framtidig organisering av laboratorietjenestene på matområdet mv. datert 20.02.03 og lov om overtakelse av formuesposisjoner ved endret ansvarsfordeling i matforvaltningen datert 28.02.03 .

Kopi av vedtaket i saka ligg ved.

Med helsing  
LANDBRUKS- OG MILJØAVDELINGA  
Njål Gunnar Slettebø  
Landbrukssjef

## **Vedtak: Sak 029/03 Bømlo Formannskap**

Formannskapet gjorde samrøystes slikt vedtak:

Bømlo formannskap har desse merknadane til høyringsnotatet om framtidig omorganisering av laboratorietenesta på matområdet m.v. og lov om overtaking av "formuesposisjoner" ved endra ansvarsdeling i matforvaltninga:

1. Til pkt . 8.2.2 Prinsipal burde Mattilsynet overta arbeidsgiveransvaret for alle dei tilsette ved dei kommunale mattilsyna (KNT). I samsvar med vedtak i Stortinget vil Mattilsynet no berre overta arbeidsgjevaransvaret for dei som har hatt tilsynsoppgåver (inspektørane m.v.) og ikkje for laboratoriepersonell som har vore ein integrert del av det kommunale mattilsynet.  
Det kan likevel ikkje vera rett at kommunane generelt kan ha det udelte arbeidsgjevaransvaret for "overflødig personell" i dagens KNT. Mange av dagens KNT er organisert som interkommunale selskap og er egne rettssubjekt som har eige arbeidsgjevaransvar medan andre er organisert med eige styre som utarbeider budsjett og tilset og bestemmer arbeidsvilkåra for sine tilsette i KNT-et. Dersom grunnlaget for vidare drift av laboratoriet fell bort, vil styret sitja med sine tilsette utan ein organisasjon der dei kan få nytt arbeid. Dette inneber at grunnlaget for at "arbeidstakere på laboratorieområdet skal bli tilbudt om lag de samme vilkår for omstilling som de ansatte som blir overført til Mattilsynet" vanskeleg kan bli ein realitet.  
Og såleis må eventuelt staten dekkja heile kostnaden , og ikkje berre deler av kostnaden, med omstillingstiltak retta mot laboratoriepersonell.  
Det er etter Bømlo formannskap sitt syn ikkje akseptabelt at dei tilsette skal bli "offer" som følgjer av at staten berre overtek deler av KNT-a.
2. Dersom eigarane av KNT-laboratoria skal lukkast i å få til vidare laboratedrift ut frå vitale næringslivs- og samfunnsmessige interesser, er det etter Bømlo formannskap sitt syn viktig at desse vilkåra vert oppfylte:
  - det bør ikkje opprettast egne statslaboratorium som vil kunna konkurrera med kommersielle laboratorium.
  - det må gjevast aksept for at eigarane går inn med omstillingsmidlar i ein overgangsfase.
  - mattilsynet sine lokaleiningar må gjera sine innkjøp lokalt i 2004.
  - staten må ta på seg arbeidsgjevaransvar for evt. overtallige når det vert etablert laboratorium tufta på KNT-laboratoria.
  - staten må vera fleksibel i samband med overtaking av "formuesposisjoner" slik at nyetablerte laboratorium ikkje møter utilsikta hindringar når dei vert etablert.
3. Mange KNT har langsiktige leigekontrakter i spesialtilpassa lokale. Dersom det ikkje vert etablert lokale mattilsyn i (heile) dette lokalet, eller eit evt. kommersielt laboratorium tufta på KNT-laboratoriet kjem i gang, må staten overta ansvaret for leigeavtalen.
4. Opparbeidde fondsmidlar og evt. rekneskapsmessig driftoverskot for 2003 vert unnteke i loven som "overførbar formuesposisjon til staten."

Bremnes 3.04.03

Njål G. Slettebø landbrukssjef